

Invitasjon til Myrkdalsfart

Voss Alpin har i samarbeid med Hordaland Skikrins og Myrkdalen gleda av å invitera til Myrkdalsfart 3. - 5. mai 2019

Myrkdalsfart har som mål å laga til den kjekkaste leikeplassen for fartsglade alpinistar, med hopp i forskjellige storleikar, løyper med bølger i sving, bølgefelt, løype med fartsmåling og mykje anna moro. Me stiller med velkvalifiserte trenarar til alle grupper, bl.a. Torbjørn Søgaard og Dag Sandvik. Dei enkelte gruppene har eigen videogjennomgang og teknikk møte på Myrkdalen Hotel kvar ettermiddag etter at løparane har fått varmmat.

PRIS

Prisar med heiskort, overnatting i tremannsrom, frukost, lunsj i bakken, mellommåltid etter ski og middag på hotellet.

- Løparar kr 3.980,- for 3 dagar i tremannsrom. Tillegg for dobbeltrom kr 450,- / enkeltrom kr 1080,-
- Foreldre kr 2.930,- for 3 dagar i tremannsrom. Tillegg for dobbeltrom kr 450,- / enkeltrom kr 1.080,-
- Løparar med eigen overnatting, kr 2.500,- inkludert varmmat på hotellet
- Foreldre med eigen overnatting, kr 1.400,- inkludert varmmat på hotellet

KLUBBAR SOM VIL STILLA MED EIGEN TRENAR

Om de vil koma med heile gruppa dykkar og ta med trenar, så er det sjølvstøtt mogleg. Ta kontakt med Knut direkte for å avtala løysingar og pris på dette.

UTSTYR

Ta med utstyr til Super-G og Utfor. Alle tek med eige preppeutstyr, preppebord og tvinger.

PÅMELDING

Bindande påmelding innan 22. april: post@vossalpin.no
Ved avmelding etter fristen blir ein pålagt eit gebyr på 20 % av total pris.

BETALINGSINFORMASJON

Betaling innan 24. april til Voss Alpin, konto 3480.11.87023

Sjå elles www.vossalpin.no / www.myrkdalen.no

KONTAKTINFORMASJON

Sportsleg *Knut Kettermann*

Tlf: 97 58 24 20 • E-post: kk@myrkdalenhotel.no

Adm/økonomi *Omar Armentano*

Tlf: 48 27 80 63 • E-post: buzzcreech@gmail.com

